

# Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (lærarrommet), 6. juni 2012, kl 19.00 – 22.10.

Til stades: Sidsel Haugen, Gerd Ingeborg Haugen, Britt Heidi Selsvik, Sigmund Eiken, Einar Ystevik, Kaia Gulbrandsen, Ole-Gisle Vassel.

## **Sak 1, Godkjenning av innkalling referat etter styremøte 09.05.12.**

Ingen merknad til innkalling eller møtereferat.

## **Sak 2, Fordeling av ymse oppgåver.**

Det er nødvendig at nokon tar ansvar med å vatne sommarblomane som er utplanta i kjelen ved badeplassen, ved Sævarebrua, i skulesvingen og på Helleristningsfeltet. Bosdunkane på badeplassen og ved busstoppet i skulesvingen må tømast etter behov.

Styremedlemene tar seg av desse oppgåvene etter oppsett plan.

## **Sak 3, Auka leigeinntekter til skulen.**

I det ekstraordinære årsmøtet kom det framlegg om at styret må vurdere storleiken på gjeldande leige for bruk av skulen.

Styret diskuterte saka og gjorde vedtak om å sende ut eit skriv til lag og organisasjonar som nyttar huset med m.a. framlegg om nye leigesatsar.

Skrivar fekk i oppgåve å formulera framlegg til eit slikt skriv for handsaming i første styremøte etter sommarferien.

## **Sak 4, Herand barnehage.**

Søknad om dispensasjon frå utdanningskravet for leiar og pedagogisk leiar er sendt til Jondal kommune.

## **Sak 5, Ymse.**

- a) Dan Danielsen har sagt frå seg vervet som leiar i Trivsel- og kulturgruppa. Sonja Skarde vert beden om å konstituera gruppa på nytt.
- b) Leiar har sendt søknad til Marine Harvest sitt "velferdsfond" om stønad på kr 25.000 til velferdstiltak i bygda, for bruk til planting, bord og benker i fellesareal.
- c) Oppdatert årsplan for styret sine aktivitetar vart lagt fram og godkjent.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.